

Januar 2013, årgang 2, nr 1

Kyrkje og kultur i Sirdal



**Frå stressande
byliv i Tyskland**

Side 4-5

Takk til Hanne

Side 8-9

Kultursider

Side 18-24

Andakt

Tanker innfor et nytt og ukjent år!

«Men gartneren svarte: 'Herre, la det stå dette året også, så skal jeg grave omkring det og gjødsle det. Kanskje det da vil bære neste gang. Hvis ikke får du hugge det ned.'» Luk 13.8-9

Så står vi atter ved inngangen til et nytt år, og vi spør oss selv: Undrer meg på hva dette året vil bringe av godt og vondt? For noen av oss opplevde både glede og sorg i året som svant. Likevel kan vi se tilbake på et nådens år, der vingårdsmannen har gitt oss nytt

"Jesus er i går og i dag den samme, ja til evig tid" mot og overøst oss med sin grenseløse kjærlighet. Vi blir fylt med takk til ham som går med oss i både medgang og motgang. "Jesus er i går og i dag den samme, ja til evig tid"! Han svikter aldri!

Heller ikke innfor det nye og ukjente året som kan virke skremmende når vi merker tidsåndens kalde vinder. «For jeg vet hvilke tanker jeg tenker om dere, sier Herren, tanker til fred og ikke til noe ondt. Jeg vil gi dere fremtid og håp» (Jer.29,11). Slik vingårdsmannen bad for fikentreet: Herre la det stå i år også! Slik vil han også i året som vi har gått inn, være hos oss med sin nåde og frelsende kjærlighet. Han er med oss i bønn for land og folk, så la oss derfor legge våre liv i Guds trygge hender!

Olav Marin Heggdal

Mannskapsskifte

Denne tida og denne utgåva av Kyrkje og Kultur i Sirdal er prega av mannskapsskifte i kyrkja.

Hanne vart pensjonist ved årsskiftet. Per Øistein sluttar si teneste i Sirdal ved utgangen av januar. Det er heller ikkje meir enn 1 ½ år sidan tidlegare kyrkjelydsarbeidar Per Sverre Kvinlaug tok farvel med oss.

I ein liten stab, kor ein, utanom fleire mindre stillingar, berre har hatt dei tre fulle stillingane utanom presten vår, Sigurd, er dette ei kjempestor endring. Når ein vidare veit at arbeidsmiljøet på Kyrkjesenteret har vore særst bra, er dette ei krevjande utfordring. Ikkje minst når vi veit kor vanskeleg det oftast er å rekruttera nye medarbeidarar med dei ynkske kvalifikasjonane både fagleg og menneskeleg. Heldige har vi vore som har fått lov å ha dette flotte teamet så lenge. Heldige var vi og då vi etter sumaren 2011 fekk to framifrå medarbeidarar som

delar stillinga som kyrkjelydsarbeidar, Ragnhild Maria Sandvik og Inger Solveig Høyland, som begge flytta heim att. Dei utfyller kvarandre kjempefint og gjer ein glimrande jobb.

Heldige har vi og vore som alt då Hanne slutta, hadde ein kvalifisert kyrkjemusikar, James Reed, som ny organist. Han er blid, omgjengeleg og ser ut til å ha mange positive tankar og idear om det vidare arbeidet. Førebels snakkar han helst engelsk, og det kan vera ein liten kommunikasjonsstørrelse, men vi vonar han får lært seg norsk snarast mogeleg. Heldige er vi som og kan sjå fram til at ein ny kyrkjeværje med solid basis og allereie noko kjennskap til Sirdal, tek til i denne viktige jobben frå 1.april. Det er ungdoms- og skulelagsprest Henning Huseby Jansen. Vi takkar dei som no sluttar etter lang og tru teneste hjå oss, ynskjer dei nye velkommen og ser fram til eit godt samarbeid med dei i tida som kjem!

Lars Audun Fodstad

Kyrkje og kultur i Sirdal: nr 1/2013

Utgjevar:

Sirdal kyrkjelyd i samarbeid med Sirdal kommune, eining for kultur og fritid.

Free utgåver pr år.

Redaksjon:

Lars Audun Fodstad, Solbjørg Tjørhom, Sven-Egil Testad og Per Øistein Rogstad.

Noahs ark-sidene: Ragnhild Maria Sandvik og Inger Solveig Høyland.

Kultursidene: Eining for kultur og fritid.

Abonnement

Bladet blir sendt gratis til alle husstandar i Sirdal. Utanom Sirdal er det mogleg å tinga bladet for kr 150 pr år.

Kontaktinformasjon for abonnement og støtteannonser:

Postboks 133, 4441 Tonstad
Tlf 38371600, e-post: post@sirdal.kyrkja.no

Framsida: Hilleknuten (Per Magne Sinnes)

Trykk: Birkeland Trykkeri

Redesign i Kyrkjestova



Onsdag 28.november vart den fyrste redesign-kvelden til Grøn kyrkjelyd arrangert. Kyrkjestova var full av symaskiner, stoff, sjokoladekake og engasjerte damer.

Inger Johanne Ousdal og Torill Husum Tjørhom var ansvarlege for kvelden og kom med mange gode tips til korleis

gamle klesplagg og slitte handdukar kan få nytt liv og nye funksjonar. Stemninga var på topp og i løpet av nokre timar såg fleire nye handlenett, skjørt og julehjarde dagens lys. Me håper det vil verte ein ny redesign-kveld til våren. Følg med på plakatar og www.sirdal.kyrkja.no!

Ragnhild Maria Sandvik



Miljøtipset: Det nyttar!



Palmeoljekampanjen til Grønn Hverdag og Regnskogfondet har definitivt endra innhaldet i norske butikkhyller. Så langt har åtte store matprodusentar redusert eller kutta bruken av den regnskog øydeleggjande olja. Forbruket per innbyggjar

har stupt frå 3 kg til 1 kg palmeolje per år. Fortsett med å velje bort palmeolje - det nyttar! Sjekk palmeoljeguiden på www.palmeolje.no. Kyrkje og Kultur skreiv om dette i nr 2/2012.

Sven Sandvik

Frå stressande byliv i Tyskland til fredelege Skibeli

Familien Koopmann frå Sulingen i Tyskland har slått seg ned på Skibeli i Sirdal. Familien kjenner seg godt mottekne i Sirdal, og mest av alt er dei fulle av lovord for det godt naboskapet.

Ute på Skibeli møter eg ein smilande og gild familie, familien Koopmann. Det er far Horst 46, mor Tanja 44, borna Kim Lara 20, Kira Marie 15, og Hannah Sophie 10 år. Dei har også sonen Nils på 22, som er att i Tyskland der han nå er ferdig med lærlingetida som skomakar.

Valde å bryte opp

Då Horst og Tanja runda 40, tok dei avgjerd om å finna eit rolegare liv, borte frå stress og jag i byen. Dei ynskte å busetta seg ein stad i Skandinavia. Etter å

ha oppsøkt ei messe i Hamburg, fall valet på Sirdal. Det kjendest nok tungt å bryta opp frå familie og heimland. Fleire av venene deira åtvara dei mot å dra, men samstundes sa dei at om dei hadde vore ti år yngre, kunne dei tenkt å gjera det same!

Byen dei flytte frå, Sulingen, har om lag 14000 innbyggjarar, og ligg nær Bremen som er like stor som Oslo, så overgangen til Sirdal og Skibeli er stor, som me godt kan skjønna.

Sagbruk og barnehage

Horst er utlært tømrrar, og har arbeidd med husbygging. Men oppdraga kunne vera langt av lei, og dagane blei lange. Etter ei tid som tømrrar i «Sirdals-tenester», har han nå fått jobb på Tonstad Sagbruk. Her er dagane regulerte, og han trivst godt på arbeidsplassen. Tanja har fagbrev som frisør, men arbeider nå i barnehagen på Tonstad. Ho likar å arbeida med born, og stortrivst i dette arbeidet.

Oppglødde for norsk skule

Borna glei fint inn i miljøet på skulen, og dei seier alle at dei vart tekne hand om på ein svært god måte. Dei er oppglødde for norsk skule. I Tyskland var det berre ein lærar i klassen endå om han var stor. Her er det også ein lærar som gir ekstra-hjelp. Og så er alt fritt her! I Tyskland måtte dei sjølve kjøpa det dei trong av skulemateriell.

Dans og drama

Kim er dette året elev på Sagavoll Folkehøgskule i Bø i Telemark, på linja for dans og drama. De som hugsar henne frå kulturmonstringar med dansefram-





Billettekst: Hanna Sophie, Kim Lara, Kira Marie, Tanja og Horst trivst på Skibeli.

føringa si, forstår at dette må vera rette staden for henne.

Familien høyrer til den tyske evangeliske kyrkja. Overgangen til den Norske Kyrkja var ei god overrasking for dei. Her var det familiar med små born som kom, og det gjorde ikkje noko om borna var litt urolige, og så var det lov å klappa! Kira er konfirmant i år, og me ynskjer henne og dei

andre konfirmantane til lukke med førebuinga til konfirmasjonen.

Reservebestefar i nabohuset

Hannah saknar bestevenen frå barnehagen i Sulingen, Jarno, men i sommar hadde ho besøk av han, og det gjorde godt. Og så har ho Arne som ein ekstra bestefar i nabohuset.

Familien kjenner seg godt mottekne i

Sirdal, og mest av alt er dei fulle av lovord for det gode naboskapet. Heilt frå fyrste dagen vart dei tekne mot av opne, gode hender. Takk til Skibelifolket!

Så vil me andre få seia at me er glade for at de er her. Me set stor pris på dykk, og reknar dykk alt som «våre».

Sven-Egil Testad

Eit samfunn i utvikling - ARO senteret i Bondo

For 27 år sidan var Kjell Spinnangr rektor på Sinnes skule, like før det arbeidde han i Majiwa i Bondodistrikt i Vest-Kenya. Saman med nokre andre starta han og kona ARC aid i 1992.

Liv Undheim, ein seinare Sinnesrektor, var med i oppstarten og hadde arbeidsturar til Majiwa i mange år. ARO utviklingsenter har endra seg frå å vera eit helsesenter til i dag å driva mange utviklingsprosjekt. Målet for alle prosjekta er å betra leveforholda i området og skapa inntekter til lokalbefolkninga. Fattigdommen er stor også fordi Bondoregionen er hardt ramma av HIV/AIDS-pandemien der.

Gje lokalfolket eigarskap

Eit viktig prinsipp i arbeidet er å gje lokalfolket eigarskap til utviklinga. Spinnangr fortel at alt arbeidet på senteret vert gjort av kenyanarar, han er ute og samarbeider med lokale ansvarlege nokre turar i året. Det vert gjennomført kurs på senteret, «Kenya change agent», eit program bygd på deltakande utvikling av livet på bygdene. Ut frå «Change agent

Kyrkje og kultur i Sirdal 6



Frå snekkarverkstaden ved ARO-senteret, der får foreldreause born opplæring i praktiske fag. (Foto: Kjell Spinnangr)

training» har det vakse fram tiltak som, vevegruppe, dataopplæring, bondesamarbeid der ein kan leige traktor på senteret, treplanting, catering og eit omfattande barneprogram.

Sirdal kommune - ein samarbeidspartnar

Sirdal kommune har vore samarbeidspartnar i utviklinga av barnesenteret og har forplikta seg til å vera med vidare. Elevane på begge ungdomskulane i dalen

har arbeid for Arc aid på «Operasjon dagsverk» dei siste åra.

Foreldreause får opplæring

Barnesenteret gjev foreldreause born oppfølging av helse og skulegong. Dei får opplæring i praktiske fag som saum, data, sløyd og treplanting. Det kenyanske skulesystemet er nokså teoretisk, fortel Spinnangr, derfor er praktisk opplæring utruleg viktig for at fleire kan skaffa seg eit



*Atieno, kona til Kjell Spinnangr, med eit av borna frå barnesenteret på fanget.
(Foto: Kjell Spinnangr)*

levebrød ute på landsbygda. Han er også svært engasjert i å utvikla bruken av små solcellepanel som kan gje lys i hyttene når det mørknar. Såleis kan borna gjera lekser utan å sitja i forureinsande parafinrøyk.

Ikkje i hans villaste fantasiar

På spørsmål om kva Spinnangr såg for seg var mogeleg for 25 år sidan, seier han at det senteret som er der i dag med barnesenter og solcelleskule ikkje var i hans villaste fantasiar. Noko av styrken i arbeidet meiner han er at utviklinga skjer med innfødde i leinga på ARO. Mykje av arbeidet handlar om å endre haldningar, og det tek tid. Kenyanarane har mange tradisjonar som hindrar utvikling, Jante-lova er sterk i Kenya og.

Treplanting og miljøvern

Vona hans er at om 25 år har dei unge utvikla seg gjennom det dei lærer, opplever og forstår ved å vera på senteret. Dermed vil treplanting, miljøvern og god bruk av jorda vera meir integrert i deira liv. Utdanning i både teoretiske og praktiske fag vil gjera dei unge i stand til å klara seg betre og vonaleg ikkje ha bruk for bistand i mange generasjonar.

Heimesida til Arc aid: www.arc-aid.no/
Der ser vi også om ARO sitt økoturismetilbod, ein måte å feriera på som kan anbefalast.

Solbjørg Tjørhom

Fasteaksjonen 2013

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2013 "Sammen forandre" fra 17.-19. mars. Ta godt imot konfirmantene når de kommer med innsamlingsbøsse

Vi møter hverdagshelter i Kirkens Nødhjelps prosjekter over hele verden. Og det er nettopp disse hverdagsheltene som vi løfter frem under fasteaksjonen 2013.

Dette er mennesker som er født på feil side av urettferdigheten. De kjenner fattigdommen på kroppen – forakten, fornedrelsen, fortvilelsen. Men de vil forandre verden, og de vet hvordan. De er forandring. De er forbilder.

Med årets fasteaksjon vil Kirkens Nødhjelp fortelle historiene til noen av disse forbildene. Vårt arbeid bygger på deres kunnskap og engasjement. De sikrer bærekraftige løsninger som er forankret i lokalsamfunnet. De får det til! Fra nødhjelpsarbeideren på Afrikas horn til radioaktivisten i Nairobis slum: Din støtte gir forbildene mulighet til å skape virkelig og varig forandring. For seg selv, for andre og for hverandre. I Sirdal er det konfirmantene som er bøssebærere, ta godt imot dem.



Takk til Hanne

Alle kjenner Hanne Fodstad, ho treng ingen lang presentasjon når ho no har vorte pensjonist.

Etter 43 år i Sirdal som pianolærer, organist og korleiar er ho kjendis. Ho har teke del i liva våre på dei store dagane, ved dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. Ho kjenner dei aller fleste ho møter, og når ho fer gjennom Tonstad i rask gange har ho tid til nokre ord med dei ho møter. Vi fekk ein liten prat når vi var over i 2013, på telefon sidan ho var i gong med barnepass for eit barnebarn.

«Vi lurar på kor mange born har vore med i kora sidan du byrja i 1974?»

«På Tonstad starta eg jentekor i -74 og barnekor i -75 og i Øvre Sirdal er det ca. 20 år sidan eg overtok ansvaret for barnekolet. Nokre hundre born i dei tre kora må det ha vore på desse åra. I periodar har det vore over 30 born med på Tonstad og det meste eg kan hugse i Øvre Sirdal var 18 medlemmer i kolet. Andre år har det vore 10-12 songarar her nede og 4-5 oppe i dalen.»

«Du er musikkpedagog og det første du fekk i gong var pianoundervisning, lenge før musikkskulen var eit begrep. Kor mange underviste du?»

«Ja, me kom til Tonstad i 1968, og eg starta med pianoelevar ganske raskt. På det meste hadde eg 27 elevar på piano, på det minste berre fem. Så var det også nokre som lærte orgel og fekk prøva seg

Kyrkje og kultur i Sirdal 8



på kyrkjeorgel. Eg hugsar Seibtsøstrene som eg lærte å spela i kyrkja, det var praktisk sidan eg hadde fleire fødselspermisjonar på den tida,» fortel seksbarnsmora.

«Måten du møter born og vaksne på gjev inntrykk av at du vil alle skal kjenna seg sett og verdifulle, er det noko du har lagt vekt på?»

«Ja. Som pedagog ser eg det som sjølv-sagt at alle skal verta møtt med respekt og få utvikla seg ut frå den enkelte sine føresetnadar. Det er spennande å få til eit fellesskap der alle deltek. Å byggja fellesskap gjennom musisering og song er

givande og utviklande for både born og vaksne. Eg er glad eg var musikkpedagog når eg starta her, dermed har eg hatt mål for arbeidet. Måla må vera både realistiske og utfordrande. Respekten for det enkelte menneske, liten som stor, handlar også om mitt menneskesyn»

«Kan korsong vera ein arena der sjølv-tilliten veks?»

«Å syngja er veldig personleg, ein opnar seg og utleverer seg sjølv saman med dei andre i kolet. Når det lukkast, er opplevinga stor og ein veks på å våga gje av seg sjølv. Å sjå born som mest ikkje vågar å vera med og stå framme, etter kort tid

ønskja vera solist, er fantastisk»

-«Kva har Sirdal gjort med deg?»

« Eg har vorte glad i mange menneske her. Sidan eg har delteke i gravferder, har eg også fått eit blick inn i mange liv. Eg beundrar mange i generasjonen før oss, alt dei var gjennom og måtte klara. Det har gjeve meg respekt for så mange. Sirdal har og gjeve meg rom til å utfolda meg. Eg har våga gjera ting eg gjerne ikkje ville kunna gjort på ein større plass. Eg har fått brukt mitt talent i samarbeid med ein fantastisk stab heile tida og arbeidd i den kyrkja eg er glad i, det er eg takksam for. Arbeidet med born har vore eit privilegium.»

Til sist: «vi trur ikkje du vert ein passiv pensjonist, kva gleder du deg til no når du disponerer tida di sjølv?»

«Første prioritet vert tid med barnebor-

na. Eg likar å leike og gleder meg til å vera meir saman med dei. Så kjem eg framleis til å delta i kyrkja, men kanskje ikkje vera på alle åtte samlingane i påska til dømes. Lengre turar i fjellet både sommar og vinter gler eg meg til, og kanskje ein tur med hurtigruta kunne vore kjekt. Sidan eg var liten og hørte om Madagaskar i barneforeininga, har eg hatt lyst til å koma dit. Ja, og så kan eg få med meg litt fleire konsertar og teater. Eg vil ikkje seia at eg gler meg til å sleppa jobben, for eg har fått ha den kjekkaste arbeidsplassen eg kunne ha» sluttar vår glade Hanne. Og vi som er folket i Sirdal vil takka deg Hanne for alt du har gjeve i alle desse åra. Vi veit du har gjort ein forskjell for borna, for korsongarane, pianoelevane og alle du har møtt i kvardag og fest.

Solbjørg Tjørhom



Velkomen til vår nye organist



James Reed er namnet, og han kjem frå England. 1. januar tok han til som organist i Sirdal.

Mange har sikkert treft han allereie på gudstenester, korøvingar eller på gata. **Sundag 10. februar kl 20.00 arrangerar han orgelkonsert i Tonstad kyrkje.** Då får sirdølane høve til å høyre kva slag organist han er. Det blir mellom anna kyrkjemusikk frå barokken med Bach og Buxtehude. I neste utgåve av Kyrkje og kultur vil vi kome tilbake med eit større intervju med han. Vi vonar folk tar godt imot vår nye kyrkjemusikar.

PØR



Hei!

Kim er ei jente på fem år. Ho bur saman med familien sin i eit land som heiter Vietnam. Nokre gonger regnar og blæs det mykje der Kim bur. Då kjem det masse vatn rundt huset deira. Det synest Kim er skummelt.

Ein gong då Kim var tre år kom det så mykje vatn at det gamle huset deira blei heilt øydelt. Då måtte mammaen og pappaen til Kim ta med seg borna og rømme bort.

Heldigvis fekk Kim og familien hennar hjelp av Kirkens Nødhjelp til å byggje eit nytt hus. Det nye huset er tryggare å bu i og vil ikkje falle saman sjølv om det blæs og regnar mykje. Det er trygt og godt å vite for Kim!

Mange born som har opplevd flaum er redde for at noko slikt kan skje igjen.

Mange stader fører klimaendringane til at det blir oftare flaum eller storm. Derfor støttar Kirkens Nødhjelp arbeid som gjer folk budde på å møte dette. Det er ein viktig del av arbeidet for klimarettferd.

Stø Fasteaksjonen i år også!

Inger Solveig og Ragnhild Maria

Noahs ark

Å, så vakkert!

Tysdag 12.mars kl.18 er det klart for skaparverksmusikal i kulturhuset. Tonstad barnekor og Cantarellene har øvd inn songane og får med seg eit band frå SMoK som tonefylgje. Ta med heile familien, og hugs pengar slik at de kan drikke kaffi i solidaritetskaféen etter konserten!



Agentutfordring:
Pant flasker og gje pengane til fasteaksjonen!



Lånesangen

En dag samlet Skaperen barna til lek og til dans og sang på stranda ved paradiset som ennå lå der den gang. Da sangen og leken var stilnet, da var det han sa til dem: "Jeg gav dere jorda, den skal være deres hjem."

Så samlet Han alle voksne og sa litt om planen sin: "Dere skal passe jorda og holde den like fin.

For barna som kommer etter, er de som skal overta.

Dere må sørge for at de får det bra."

Bare et lån.

Bare et lån.

Jorda er bare et lån mens du bor her du bor.

Bare et lån.

Bare et lån.

Dagen du reiser, skal barna ta over en skinnende jord.

Siden har mange kommet, og mange har også gått.

Ikke alle har skjønnet det, men noen har nok forstått at en ting vi låner av andre, den må vi gi igjen minst like fin som den var, da vi lånte den.

Hans Inge Fagervik

Fullt hus og stormande jubel på Filadelfia kvar måndag



Kvar måndag klokka fem opnar dørene på Filadelfia til Barnemøte. Huset vert fylt med born og vaksne, og ein trufast gjeng med leiarar som stiller opp veke etter veke. Olav Heggdal var med på å starte opp desse barnemøta på måndagar for over 40 år sidan, og møter framleis kvar måndag.

Det startar med at borna står framme i trappa og syng. Dei lærer songane godt og gjer bevegelsar. Rett som det er lærer dei ei ny song. Og kvar måndag stormar det godt når borna syng ein hoppande versjon av "Når det stormer". Etter songstunda går dei borna som har begynt på skulen ut i eit anna rom med Gerd Signy. Her har dei eigen andakt og lagar noko kreativt. Olav har ein kort andakt for dei mindre borna før dei får utfolde seg med klipping, liming, teikning eller maling. Klokka kvart på seks må alle samlast i ringen for å syngje "Kjære Gud" før barnemøtet er slutt. Eit svært populært og positivt tiltak!

JUNIORMØTE

Klokka seks kvar måndag er Gerd Signy Haugom og Solveig Rage klar for ny innsats med dei som er frå 3.klasse og oppover på Juniormøte.

Her er det song, andakt og kreativ utfolding på programmet. Jentene var samde om at Juniormøte er knallgøy! Det hender og at det er gitar der, og alle frå 3.klasse og oppover er velkomne!



Kyrkjeverja takkar av

Då Per Øistein kom til oss 1. august 1999 var det knapt nokon i Sirdal som kjende han. No, 13 ½ år etter, har nok dei fleste sirdølar i ein eller annan samanheng vore i kontakt med han.

Vi burde ha teke ein prat med Per Øistein for lenge sidan for å gjera folk litt meir kjende med denne karen på kyrkjesenteret, som mange har råka på i ulike samanhengar. Men betre seint enn aldri.

Kyrkjeverje i Sirdal

Kva er eigenleg jobben din? Kyrkjeverja har ansvar for bygningar og kyrkjegardar. Han er og dagleg leiar for alle tilsette i kyrkja, unnateke presten. Utanom kyrkjeverja sjølv, er det berre nokre få større stillingar, organist og kyrkjelydsarbeidar, den siste no og delt på to personar. Men det er fleire små stillingar, kyrkjetenarar og innan reinhald. Ein del oppgåver vert og utførte av kommunen sine tilsette, såleis gravartenesta og vedlikehaldet av kyrkjegardane. Kyrkjeverja har og ansvaret for budsjett og oppfølging av økonomien.

Tonstad, Sirdal og Kvinesdal

Kva fekk deg hit? Kona, som eg blei kjend med då eg jobba i Utsyn, var odelsjente til garden Engedal litt sør for Kvinlog. Frå Engedal er det ganske grei veg til Tonstad. Jobben her er svært allsidig og høver godt til både utdanninga mi og tidlegare erfaring. Arbeidsmiljøet er kjempe- Kyrkje og kultur i Sirdal 12



bra. Alle kyrkjeleg tilsette jobbar fint saman. Tilhøvet til kommunen er også veldig godt, det gjeld både politikarar og administrasjon, og ikkje minst Per Bulling som tek seg av kyrkjegardane. Alt dette har medverka til at eg har blitt her så lenge.

Kvifor sluttar du då? Eg vart beden om å søkja jobben som kyrkjeverje i Kvinesdal. Den har litt andre utfordringar, mellom anna fordi det er mykje meir folk i Kvines-

dal og med det fleire tilsette. Eg vert meir "rein" kyrkjeverje der fordi det også er andre kontortilsette, medan eg her er meir "altmuligmann". Arbeidsvegen vert noko kortare. Elles er det på ein måte tida for å skifta jobb, om ein i det heile skal gjera det.

Utfordringar

Kva ser du på som den største utfordringa i jobben din her? Utan tvil rekruttering av

folk til dei ulike oppgåvene i kyrkja. Når det gjeld dei få ”store” stillingane vi har, organist, kyrkjelydsarbeidar og kyrkjeverje, trengst spesialkompetanse som ikkje utan vidare er tilgjengeleg i Sirdal. Vi har i mange høve vore nøydd til å gå fleire rundar for å lukkast. Det gjeld no seinast både organist og kyrkjeverjestillinga, medan vi ved siste høve var sers heldige med søkjarar til kyrkjelydsarbeidarstillinga alt i første runde. Når det gjeld dei små stillingane, er det ei utfordring i seg sjølv at dei er så små og for kyrkjetenarane at det er mykje helgearbeid og gravferder som ein må ta når dei kjem.

Kyrkje og kultur i Sirdal

Per Øistein seier at dette bladet er noko av det han er mest glad for og stolt av å ha fått til i arbeidet sitt i Sirdal. Han er så tent på det at han har lova å hjelpa oss vidare i ein overgangsfase til den nye kyrkjeverja kan overta, slik at det ikkje vert nokon pause, men at nummera kjem som dei skal frametter. Det er vi glade og takksame for.

Vi takkar Per Øistein for smilet, den venlege mottakinga han alltid har møtt oss med, og for ein framifrå jobb i mange år i Sirdal og ønskjer han alt godt vidare!

Lars Audun Fodstad

Ny kyrkjeverje i Sirdal

Ungdomsprest og skulelagsprest Henning Huseby Jansen blir ny kyrkjeverje i Sirdal frå 1. april. Han er 47 år og busett i Farsund. Vi kjem tilbake med eit presentasjonsintervju med han i neste nummer av Kyrkje og kultur. Vi ønskjer han til lukke med stillinga.

Gardsnamn i Sirdal: Sinnes



Garden blei nok rydda alt før Svartedauen. I 1956 blei det funne ein pilespiss av flint, noko som viser at det blei drive jakt der eit par tusen år før Kristus.

Skrivemåten for namnet Sinnes har stort sett vore uendra sidan 1600. Det har vore ulike tolkningar av namnet, men i dag er nok dei fleste namneforskarane samde om at ophavet er «sinder», som betyr slagg.

Truleg har det vore myrjernsmelting langs stronda av Sinnesvatnet. Det vitnar og

fylgjande gardsrim om:

*«Sinnes-smeane e støtt holsvoltne,
sele brådda å odda.
Sonnre Sinnes va så sinte
atte Sinnre sveita.
Sonnre Sinnes blei sinte
då Sinnre sveita»*

Steinar Tjomlid

(Foto: Per Magne Sinnes)

Salmeklang i Tonstad kyrkje

Laurdag 23. mars kl 19.00 blir det på ny ein kveld med gruppa Salmeklang i Tonstad kyrkje.

Salmeklang er eit firemannsorkester som kombinerer folketonar frå heile verda med norske religiøse tekster.

Salmeklang består av: Mari Klingen - vokal, Knut Ingolf Brenna - gitar, Per Erik Olsen - bass og Jo-Martin Grosås Nordbø - trommer.

Arbeidet med å kle dei gamle salmane i «ny drakt» har resultert i to produksjonar til nå.

Desse har dei spelt på ei rekke konsertar på Sør- og Austlandet, alt frå Ungdommens Kyrkjemøte på Hamar, Kyrkjemøtet i Tønsberg, Skjærgårds M&M på Risøya og Eikerapen Rootsfestival.



Gruppa var i Tonstad kyrke i november 2010, saman med ungdomskora i Sirdal og Kvinesdal. Det er Syskenringen i Sirdal som står som arrangør denne gong.

PØR

Påske i Sirdal

Også i år er det ei rekke arrangement i Sirdal i påska i regi av kyrkjelyden.

I tillegg til gudstenester på Kvinen og i kyrkjene, er det andaktar ulike stadar:

Skjærtorsdag:

Kl 11.00 Andakt i Ålsheia Skisenter

Kl 13.00 Andakt på Raubestøl

(Øksendalsheia)

Påskeaften

Kl 12.00 Andakt i Josdal hyttegrennd

Kl 12.00 Andakt på Rypekro,

Øksendalsheia

Kl 14.00 Familiesamling på Sirdal

Fjellmuseum

PØR

Takk til våre støtteannonsører

Coop Marked Tonstad

Tonstadv 27, 4440 Tonstad,
tlf 38370123

E-post: tonstad@marked.coop.no

Fjellbutikken AS

Suleskard, 4443 Tjørhom, 38370010

E-post: fjellbutikken@ngbutikk.net

Fokus Næringsselskap

E-post: post@fokus.naeringsselskap.no
www.fokus.naeringsselskap.no

GP Tjørhom

Svartevatn, 4443 Tjørhom, 38371241

E-post: joker.sinnes@ngbutikk.net

Omlidbutikken AS

Omlid, 4440 Tonstad, tlf 38371857

Partner Tre AS, Tonstad

4440 Tonstad, Tlf: 45217642

E-post: bestilling.tonstad@partner-tre.no
www.Partner-tre.no

Sageneset feriesenter a/s

Neset, 4443 Tjørhom, tlf 38371300

E-post: feriesenter@sageneset.no

www.sageneset.no

Sira-kvina kraftselskap

Pb 38, 4441 Tonstad, tlf 38 37 80 00

E-post: post@sirakvina.no

www.sirakvina.no

Sirdal Regnskapslag

Postboks 113, 4441 Tonstad

tlf 38377490, e-post: post@srslag.no,

www.srlag.no

Sparebank 1 SR-Bank

Pb 24, 4441 Tonstad, tlf 02002

tom.leif.rusdal@sr-bank.no/

astri.ousdal@sr-bank.no. www.sr-bank.no

Tonstad Bakeri

Ytregarden 12, 4440 Tonstad, tlf 38370114,

E-post: bagaren@online.no

Tonstad Foto og Papir

Josdalsv 2, 4440 Tonstad

tlf 38370455, e-post: tonfot@online.no

Tonstadli ferie, kurs og misjonscenter

Litleli 45, 4440 TONSTAD

Tlf 38377480 Mob. 918 61 534

E-post: post@tonstadli.no

www.tonstadli.no

Ådneram skitrekk

Ådneram, 4443 Tjørhom, Mob 99441144

E-post: post@aadneram.skitrekk.no

www.Aadneram.skitrekk.no



Lister
begravelsesbyrå

*Vi er alltid tilgjengelige
når dere trenger vår hjelp*

Tonstadvegen 105,
4436 Gyland

Vakttelefon
489 55 200

Eilif Sandvand Galdal
91880109

Oddvard Galdal
95974136

www.listerbegravelse.no



Nærbutikken, Tonstad



Tonstad Autosenter
Statoilservice, Tonstad
Åpent hver dag til kl 22.00

Tonstadv.17, 4440 Tonstad.
38370142



Tonstad

**Best på
bilvask**



4440 Tonstad
Tlf 383 70048

Sirdal Håndlaft

Håndlafta hytter og anneks
Rehabilitering av gamle
bygninger og laft
Rehabilitering av skorstein/
pipe (foring)

Nye peiser og ovner
Salg av tretjære

Oftedal, 4440 Tonstad
mob 952 46 098 (Øyvind Moen)



E-post:
post@oftnb.no

Flekkefjord og Treland Begravelses- byrå

Kenneth Trælandshei
Strandgt. 38
4400 Flekkefjord
Tlf. 38 32 22 27
Mobiltlf. 950 50 700

Byrået med erfaring
og lokale tradisjoner
Døgnvakt

SKRIFTHUGGER
kommer til kirkegårdene
hver vår

**Haughom, Tonstad, Lunde
og Kvævemoen**

*Navnetilføyer, oppfriskning av
gravmonumenter, omslipinger
utføres på stedet*

Ring for info og bestilling snarest.
Johan Egeland, Kvinesdal
Tlf: 901 07 649

Den norske kyrkja i Sirdal

Besøksadresse: Tonstadvegen 25
Postadresse: Pb 133, 4441 Tonstad
www.sirdal.kyrkja.no

Telefon:38371600
Telefaks:38371601

Sokneprest Sigurd Flydal:
prest@sirdal.kyrkja.no/45248536
Kyrkjevevje Per Øistein Rogstad:
pr@sirdal.kyrkja.no/41457584
Kyrkjelydsarbeidar Ragnhild Maria Sandvik
rms@sirdal.kyrkja.no/93652713
Kyrkjelydsarbeidar Inger Solveig Høyland
ish@sirdal.kyrkja.no/95202865
Organist James Reed
jr@sirdal.kyrkja.no/96833050

Tonstad kyrkje

Tone Marit Bjørnstad, kyrkjetenar og reinhaldar

Lunde kyrkje, Kvævemoen og Haughom kapell

Karl Edvald Fjeldsaa, kyrkjetenar
Dah May Htoo, reinhaldar, Haughom kapell
Gunn Siri Ousdal, reinhaldar, Lunde kyrkje
Katarzyna Kazimera Sochacka, reinhaldar, Kvævemoen kapell

Sirdal sokneråd

Arnhild Bjørndal, nestleiar
Johannes Tjørhom Hompland
Svein Arnfinn Hompland
Inger Johanne Ousdal, leiar, tlf 98692473
Kent Henrik Seland
Velaug Ådneram.
1. Vara: Ingunn B. Tonstad
2. Vara: Solveig Haughom

Slekters gang

DØYPTE

Lunde kyrkje

2.12 Thor Viljar Rydland

Tonstad Kyrkje

18.11 Mali Josdal

25.12 Mia Netland

GRAVFERDAR

Haughom kapell

7.12 Jan Holger Hansen

Kvævemoen kapell

18.1 Astrid Fidjeland

Hvordan har du det - egentlig?
Ring eller skriv.
Vi er her. Alltid.
Kirkens SOS

BANKEN

Kvinesdal Sparebank

Dine drømmer
Vår utfordring



Du får fordeler
i BANKEN
du ikke får
i noen
annen bank



Telefon: 95 91 08 84
kvinesdalsparebank.no

Tveit og Tjomlid

Alt i graving, sprenging og
massetransport.

Oftedal, 4440 Tonstad
mob 915 13 408
E-post: post@oftnb.no




Svegeskogen 7,
4400 Flekkefjord
Telefon 38 32 60 00
firmapost@felektro.no
www.felektro.no

**FLEKKEFJORD
ELEKTRO AS**

elektroinstallasjoner
▶ datanettverk ▶ telefoni ▶ alarmer

KUNNSKAP, ERFARING OG TILLIT

Velkomen til Kyrkje



3.februar kl. 18.00

Såmannssøndag

Lunde kyrkje

Årsfest

Offer til kyrkjelydsarbeidet

10.februar kl.11.00

Kristi forklaringsdag

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd

Konfirmentar deltek

Offer til Laila Larsen sitt prosjekt

10.februar kl 20.00

Tonstad kyrkje

Orgelkonsert med James Reed

16.februar kl.17.00

Kvævemoen kapell

Familiegudsteneste

Offer til Normisjon

17.februar kl. 11.00

Fastelavnssøndag

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd

Offer til Bibelselskapet

3.mars kl.11.00

2.sundag i fastetida

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd

Offer til Normisjon

Fredag 8.mars kl 19.00

Ungdomsgudsteneste

Tonstad kyrkje

Tysdag 12.mars kl 18.00

Skaperverksmusikalen

"Å, så vakkert!"

Tonstad barnekor.

Kulturhuset, kinosalen

Solidaritetskafè i festsalen .

Onsdag 13. mars kl 19.00

Tonstad kyrkje

Fastegudsteneste

Offer til Israelsmisjonen

17.mars kl. 11.00

Maria bodskapsdag

Haughom kapell

Gudsteneste med nattverd

Offer til Glorious center i Kenya

Tirsdag 19.mars

Konfirmentane og andre

bøsseberarar kjem på døra for å samla inn penger til Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon. Ta godt i mot dei!

Laurdag 23. mars kl 19.00

Tonstad kyrkje

Konsert med Salmeklang

Arrangør: Syskenringen i Sirdal

24.mars kl.11.00

Palmesøndag

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd

Offer til Kirkens Nødhjelp

28.mars kl. 18.00

Skjærtorsdag

Tonstad kyrkje

Skjærtorsdagsgudsteneste

Offer til Kirkens SOS

28.mars kl 20.00

Skjærtorsdag

Lunde kyrkje

Gudsteneste

Offer til kirkens SOS

29.mars kl 13.00

Langfredag

Kvinen turiststasjon

Andakt

29.mars kl.19.00

Langfredag

Kvævemoen kapell

Gudsteneste

Offer til Sjømannskirken

29.mars kl.21.00

Langfredag

Tonstad kyrkje

Pasjonsandakt

30.mars kl.23.00

Påskennatt

Kvævemoen kapell

Påskennattmesse med nattverd

Offer til Normisjon, misjonsprosjektet i Aserbajdsjan

31.mars kl. 11.00

1. Påskedag

Tonstad kyrkje

Høgtidsgudsteneste med nattverd

Offer til NMS prosjektet i Paris

1.april kl.19.30

2.påskedag

Haughom kapell

Felleskristeleg gudsteneste

Offer til Blå kors

7.april kl.11.00

2.sundag i påsketida

Tonstad kyrkje

Påskefest.

Familiegudsteneste.

Utdeling til 4-åringer.

Offer til Ung Kirkesang

7.april kl 17.00

2.sundag i påsketida

Kvævemoen kapell

Påskefest.

Familiegudsteneste

Utdeling til 4-åringer

Offer til kyrkjelydsarbeidet

21.april kl 11.00

4.sundag i påsketida

Tonstad kyrkje

Familiegudsteneste

Innslag av tårnagentar

Offer til Vest-Agder søndagsskolekrets



Kultur

KALENDER



www.sirdal.kommune.no

Tlf. 38 37 90 00

TORSdag 31. JANUAR:

BYGDEKVELD M/PRISUTDELING
SIRDAL KULTURHUS KL. 19:00
ENTRÈ KR 50

TORSdag 31. JANUAR

- FREDag 8. FEBRUAR:
BYGDEUTSTILLING
SIRDAL KULTURHUS

FREDag 1. FEBRUAR:

KINO - NORGESPREMIERE:
HANSEL AND GRETEL 3D
SIRDAL KOMM. KINO KL. 19:00
ENTRÈ KR 100

FREDag 8. FEBRUAR:

KONSERT MED TØNES
SIRDAL KULTURHUS KL. 20:00
ENTRÈ KR 275

FREDag 15. FEBRUAR:

KONSERT: BLÅ FORTELLING
SIRDAL FJELLMUSEUM KL. 19:30
ENTRÈ KR 200

FREDag 15. FEBRUAR:

KINO - NORGESPREMIERE:
KARSTEN OG PETRA
SIRDAL KOMM. KINO KL. 18:00 ENTRÈ KR 80

TYSDag 26. FEBRUAR:

ÅRSMØTE LHL
SIRDAL KULTURHUS KL. 18:00 ENTRÈ: FRI

TORSdag 28. FEBRUAR:

UKM 2013 - LOKAL MØNSTRING
SIRDAL KULTURHUS KL. 19:30
ENTRÈ KR 50

FREDag 1. MARS:

KINO - NORGESPREMIERE:
VICTORIA AV HAMSUM
SIRDAL KOMM. KINO KL. 19:00
ENTRÈ KR 100

FREDag 8. MARS:

**STAND UP: ARE KALVØ
& ESPEN BERANEK HOLM**
SIRDAL KULTURHUS KL. 20:00
ENTRÈ KR 290

FREDag 8. MARS

- SUNDag 10. MARS:

SKISKYTING NM JUNIOR
FEED SKIARENA

TYSDag 12. MARS:

SKAPERVERKSMUSIKAL (V/ KYRKJA)
SIRDAL KULTURHUS KL. 18:00
ENTRÈ: FRI

TYSDag 19. MARS:

TEATER: "KILDEN" GABRIEL SCOTT
SIRDAL KULTURHUS KL. 19:00
ENTRÈ KR 250

FREDag 22. MARS:

KINO - NORGESPREMIERE:
THE CROODS 3D
SIRDAL KOMM. KINO KL. 19:00 ENTRÈ KR 100

LAURdag 23. MARS:

KONSERT MED SALMEKLING
TONSTAD KYRKJE KL. 19:00
ENTRÈ: FRI

ONSDag 10. APRIL:

RIKSTEATERBUSS TIL SANDNES
**TVILLINGSJELER - GUNVOR
HOFMO OG RUTH MAIER**
BUSS FRÅ ELIASTUNET KL. 17:00
ENTRÈ TEATER KR 290 PÅMELDING

TORSdag 25. APRIL:

VÅRSPRELL MED SMOK
SIRDAL KULTURHUS KL. 18:00

FREDag 26. APRIL:

VÅRFEST MED HISTORIELAGET
SIRDAL KULTURHUS KL. 19:00
ENTRÈ KR 100

SIRDAL KOMMUNE - EINING FOR KULTUR OG FRITID - RÅDHUSET - 4440 TONSTAD - www.sirdal.kommune.no



Dagbladet



Adresseavisen



Firdaposten



Stavanger
Aftenblad



Aftenposten




Bergensavisen

Sagt om Tønes:

«Men eg ser på han som kanskje Norges morsommaste mann i dag, med ei heilt uforliknleg evne til å skrive tekstar. Og til å gjere kvardagslege situasjonar og augeblikk til noko heilt absurd og noko ein aldri har høyrte eller sett før.

Eg kan altså ikkje få rost han høgt nok, men eg kjenner at eg har ein sterk uvilje mot å prøve å lage nokon djupe analysar. La oss kalle han eit musikalsk tekstgeni.»

- Forfattar Ragnar Hovland



KONSERT MED TØNES

SIRDAL KULTURHUS - FREDAG 8. FEBRUAR KL. 20:00



Musikaren og låtskrivaren Frank Tønnesen - eller Tønes som er artistnamnet - er verdsstjerne i heimfylket Rogaland og har lenge vore nærmast ukjend i resten av landet.

No er han her med sitt sjuande studioalbum og kanskje er dette albumet som skal gjera susen! Anmeldarane roser plata opp i sky, og terningkasta syner femmarar og seksarar! Melodiane sit som eit skôt, arrangementa har si eiga spenning, mens samspelet er både enkelt, direkte og sofistikert. Komikken er ein viktig bestanddel i songane saman med dei mest kvardagslige tema, som det å gå og legge seg eller bare det å koke opp ei gryte på omnen.

Det er fyrst og fremst hans evne til å observere menneske som vert trukke fram når hans låtar vert omtalt. Dei kvardagslige hendingane på bygda, som kan setjast inn i ein større samanheng. Det knøttlitle i det veldig store. Ein nær og gjenkjenneleg humor som er blotta for ironi og avstand. Han står såpass langt oppi nokon av låtane at naboane frykter at dei er nemnt i nokon av dei. Men bak humoren skjuler det seg også en melankoli, som ikkje alltid får like mykje merksemd.

Frank er først og fremst «løgnassen», som folk går på konsert med for å le. Og han er den rause artisten som setter såpass pris på sitt trufaste publikum at han alltid gjev dei det dei vil ha. I 2008 skulle Stavanger Aftenblad saman med NRK Rogaland gjennom en avstemming kåre «Tidenes beste låt frå Rogaland». Blant dei 50 nominerte låtane var blant anna Bjørn Eidsvågs «Eg ser», Mods' «Tore Tang» og Vamps «Tir Na noir». Men det var artisten Tønes og hans «Bonde» som stakk av med sigeren!

TORS DAG 31. JANUAR KL. 19:00
Sirdal kulturhus

Bygdekveld

Utdeling av Kulturprisen 2012

Utdeling av Byggeskikkprisen 2012

Utdeling av Idrettsstipend for 2012

Lansering av ny nettside
for Sirdal kulturhus

Opning av BygdeUtstilling 2013

Servering av heimelaga ertesuppe m/
flatbrød frå Sirdal Tradisjonsmat

Underhaldning frå barnekor,
Cantarellene og Sirdal Blandakor

+ meir...

Alle er vel møtt, entré kr. 50

- eining for kultur og fritid -

Tekstilprodukt
Billedkunst
Fotografi

Trykkestamping
Rossmåling
Glasmåling

Tredreing
Vev
m.m.

BygdeUtstilling

SIRDAL KULTURHUS - FESTSALEN
OPNINGSTIDER:

Torsdag 31. januar	19:00 Offisiell opning
Fredag 1. februar	18:00 - 20:00
Sundag 3. februar	18:00 - 20:00
Måndag 4. februar	18:00 - 20:00
Tysdag 5. februar	18:00 - 20:00
Onsdag 6. februar	18:00 - 20:00
Torsdag 7. februar	18:00 - 20:00
Fredag 8. februar	18:00 - 20:00

BygdeUtstilling



Eining for kultur og fritid
Tlf. 38 37 90 70

Bygdekveld og Bygdeutstilling

Eining for kultur ønskjer alle vel møtt til kulturhuset, torsdag 31. januar. Då vert det utdeling av Kulturpris, Byggeskikkpris og Idrettstipend.

Det vert underhaldning frå lokale kor og presentasjon av den nye nettsida til Sirdal kulturhus.

Me er òg glade for at tidlegare kulturprisvinnar, Torbjørg Haugen, kjem til kulturhuset denne kvelden for å servere heimelaga ertesuppe med flatbrød.

I tillegg vert det opning av Bygdeutstillinga som presenterar noko av det kreative arbeidet som fins hjå både fastbuande og hyttebuarar i Sirdal - her er mykje flott og spennande handverk! Ein kan nemne vev- og tekstilprodukt, billedkunst, tredreing, glaskunst m.m.

Utstillinga skal vera tilgjengelig for publikum heile veke 6 i kulturhuset, sjå klokkeslett ovanfor. I tillegg er det ope på dagtid etter avtale med eining for kultur. Det er både utstilling og salsutstilling.

**Vel møtt til å sjå nærare på
alt det flotte som er laga av
lokale kunstnarar!**

STAND UP NORGE PRESENTERER

ESPEN & ARE

BERANEK HOLM KALVØ



ESPEN & ARE - SIRDAL KULTURHUS

FREDAG 8. MARS KL. 20:00 / BILLETTPRIS KR. 290

Are og Espen - kva er det? Det handlar om språk. Om kvifor og korleis det kan vere vanskelig å få sagt dei rette tinga på dei rette måtane, i kjærleiken, i kvar-dagen, i media og i politikken. Og dju-past sett (om du vil gå djupt, og det er slett ikkje naudsynt i denne forestillinga) om kvifor folk har vanskeleg for å forstå kvarandre og finne ut av det med kvar-andre og sette seg inn i kvarandre sin situasjon.

Heile forestillinga går føre seg meir eller mindre som ein samtale mellom to gode vener. Alt har ein samanheng, men den eine assosiasjonen tek den andre og sidespora er mange.

To gode vener snakkar om det dei er opptatt av. Og syng litt. Og gjer seg til litt. Og så er det ganske artig. Og det er meininga at stemninga skal vere god. Gjerne svært god. VEL MØTT!



Endå ei gong har Feed skiarena vore så heldige å ha fått tildelt eit stort idrettsarrangement - som skal gå av stabelen 8 - 10 mars.

Denne gong er det **Junior NM** i skiskyting, samt **Norgescuprenn** for seniorar med, i same fylgd, sprint, normal og stafett/sprint, normal som distansar.

Planlegginga av arrangementet er godt i gang, og Tonstad IL ser fram til ei stor idrettshelg på Feed skiarena og håper at publikum vil strøyme til for å få med seg denne store hendinga!

Alle er vel møtt! For meir informasjon, gå inn på internett: www.feedskiarena.no



FORFATTARKVELD

I SIGBJØRN K. HUSET:
TORE KVÆVEN

Tore Kvæven kjem til Sigbjørn K. huset for å presentere boka si *Hard er mitt lands lov*. Boka har hausta mykje god kritikk etter at den vart utgjeve i 2011. Arrangementet er i regi av biblioteket og nærare dato vert annonsert på seinare tidspunkt. Alle er vel møtt!



TEATERTILBOD VÅREN 2013

EINING FOR KULTUR OG FRITID HAR FUNNE GODE LØYSNINGAR FOR Å KUNNE TILBYDE INNBYGGJARANE TEATER- TILBOD, SJØLV ETTER AT RIKSTEATRET HAR TATT VEKK SIRDAL KULTURHUS SOM FAST SPELESTAD.

PÅ PROGRAMMET FOR VINTER-/VÅR- HALVÅRET 2013 KAN ME TILBYDE TO FLOTTE TEATEROPPLEVINGAR!

TYS DAG 19. MARS

"KILDEN" AV GABRIEL SCOTT

SIRDAL KULTURHUS KL. 19:00

ENTRÉ KR. 250 (ORDINÆR)

KJØP BILLETT PÅ SERVICETORGET ELLER

WWW.SIRDAL.KOMMUNE.NO

ONSDAG 10. APRIL

"TVILLINGSJELER - GUNVOR HOFMO OG RUTH MAIER"

RIKSTEATERBUSS TIL SANDNES

BUSS FRÅ ELIASTUNET KL. 17:00

TEATERBILLETT KR. 290 (ORDINÆR)

PÅMELDING TIL SERVICETORGET INNAN

28. FEBRUAR.



Agder Teater vitjar Sirdal kulturhus:

Tysdag 19. mars kjem Agder Teater med forestillinga "Kilden" av Gabriel Scott. Dette er eit kjempeflott teater- stykke som ein vil oppmode alle til å få med seg! "Kilden" er ei finurleg historie om korleis fiskaren Markus og dei andre figurane vert til i diktarens stove. På scenen finn ein skodespelar Jørn-Bjørn Fuller-Gee i rolla som Gabriel Scott, saman med 19 håndlagde dukker (spelt av fire figurspelarar, m.a. Giert Werring som ein kjenner godt frå "Baldrian og musa"), og Ivar Bøksle på trekkspel. Det er ein morosam og poetisk historie med mykje humor. Sjølv om det er dukker så er dette ingen barneforestilling – publi- kum får eit gløtt inn i skrivestova til Gabriel Scott medan han arbeidar fram karakterane i "Kilden".

* TEATER * TEATER * TEATER * TEATER * TEATER *



Riksteaterbuss til Sandnes kulturhus:

Onsdag 10. april vert det organisert gratis teaterbuss til Sandnes kulturhus. Dette er fyrste gong ein prøver på, men ein håper at folk vil delta på dette så kan ein kanskje få det inn som eit fast tilbod. Riksteatret vitjar Sandnes kulturhus med mange flotte forestillingar i året. Den 10. april er det teaterstykket "Tvillingsjeler – Gunvor Hofmo og Ruth Maier" som er på programmet. Om handlinga: 26. nov 1942 vart 532 jødiske fangar brakt ombord på Donau. På kaia sto den norske diktaren Gunvor Hofmo. Hennar jødiske venninne Ruth Maier vart sendt med skipet. Denne forestillinga skildrar forholdet mellom dei to unge kvinner slik Gunvor minnes det, fylt med glede og forventningar til framtida.

BLÅ FORTELLING Fat 50's



ARRANGEMENT PÅ SIRDAL FJELLMUSEUM: BLÅ FORTELLING MED FAT 50's

Fredag 15. februar er det klart for arrangementet "Blå fortelling" på Sirdal Fjellmuseum. Museumsleiar, Renate Stokkeland, håper mange vil ta turen til Kvæven denne kvelden.

"Blå fortelling" er ein blueskonsert som er vevd saman med blueshistorie frå aktørane Fat 50's. Bandet består av Sven Erik Printz (keyboard, vokal), Cato Svindland (slagverk), Thomas Andersen (bass) og Kaare Lauridsen (gitar, vokal).

Arrangementet er lagt til vinterferieveka, då ein håper at mange hytteturistar òg finn vegen fram til fjellmuseet denne kvelden.

Alle er vel møtt - Arrangementet er kl. 19:30 / Entré kr. 200

SIRDAL KOMM. KINO SVÆRT GODT NØGDE MED FJORÅRETS BESØKSTAL!

2012 var et godt år for kinoen. Vi hadde vekst i besøkstallet på hele 32.4 %. 3.575 stk. var på kino i 2012. En stor takk til alle som besøkte kinoen!

Veksten skyldes nok først og fremst at vi hadde et helt år som digital kino og at vi kunne tilby mange gode filmer, både norske og utenlandske, som trakk mye folk.

Nå i år har vi nettopp hatt premiere på storfilmen Les Misérables og flere store filmer kommer på vårparten, flere av disse er norske.

For barna kan vi spesielt nevne at første film i boksuksessen **Karsten og Petra** har premiere fredag 15. Februar. Vi gleder oss til det!

Victoria av Hamsun har premiere fredag 1. Mars. Denne har vi store forhåpninger til og håper på et godt besøkstall.

For de som liker mer action kommer **Hansel and Gretel** fredag 1. februar, en amerikansk actionfylt skrekkefilm med norske Tommy Wirkola som regissør. Et gjensyn med en "god gammel helt" blir det også. Torsdag 14. Februar har vi premiere på **A Good Day to Die Hard** med Bruce Willis i hovedrollen.



Fredag 15. februar kl. 18:00



Fredag 1. mars kl. 19:00



Fredag 1. februar kl. 19:00



Torsdag 14. februar kl. 19:00

Mye forskjellig i vente for de som liker å se film på kino. Følg med på vår hjemmeside www.filmweb.no/sirdalkino og "lik" vår facebook-side Sirdal kino og kultur.

ANNA INFORMASJON LAG & FOREININGAR

Ein vil oppmode lag & foreiningar til å sende inn informasjon om ulike arrangement i eigen regi. Me tek det gjerne med på *Kultursidene* i Kyrkje og Kultur. Me kan òg leggja det ut på kommunen si internettside - slik får de god marknadsføring av aktivitetar og arrangement. Send informasjon til: gko@sirdal.kommune.no

SIRDAL HISTORIE- OG KULTURVERNLAG

Fredag 26. april vert det **Vårfest** med historielaget. Arrangementet er i Sirdal kulturhus kl. 19:00.

Jostein Berglyd vert med, han er kjend for grundige bøker om krigen i Dalane og på Jæren.

Entré kr. 100

Alle er vel møtt!



SIRDAL LHL

Det vert Årsmøte for LHL i kulturhuset, tysdag 26. februar kl. 18:00. Trekkspelgruppa deltek og det vert bevertning og loddosal. Fri entré.

Alle er vel møtt, både medlem og ikkje-medlem.

UKM 2013 UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING

UKM Lokal mønstring vert arrangert torsdag 28. februar i kulturhuset. Me vil oppmode ungdom mellom 10 og 20 år til å melde seg på innan fristen som er 22. februar. / www.ukm.no




Meld
deg
på
UKM!

"FitCAMP - FOR DEG SOM ELSKAR FYSISK
AKTIVITET OG NYE UTFORDRINGER!"



MOTIVERA OG SAGENESET FERIESENTER, TJØRHOM

Det vert arrangert 4 FitCamper på Sageneset i løpet av 2013. Datoar for desse er: 23 - 26. mai, 14 - 16. juni, 28. august - 1. september og 12 - 15. september. Yngvar Andersen, kjend frå NRK-puls, er med som instruktør og motivator. Sjå meir info på: www.fitcamp.no



Frå fotograf T. Dahl si skattekiste:

Det er fleire bilete i samlinga til T. Dahl som ein ikkje har funne opplysningar til.
Kjenner du att personane på desse bileta, eller har du anna informasjon?

Då kan du ringe inn til oss på kulturkontoret, tlf.: **38 37 90 70** eller sende ein
E-post til: **gko@sirdal.kommune.no**



Fotograf T. Dahl
Tønnes Andreas Jonassen
Øksendal (1884 - 1979)

Han var sjølvlærd som fotograf.
Mykje av utstyret til framkalling
og kopiering laga han sjølv.
Den store samlinga av fotografi
inneheld m.a. portrett, veg-
arbeid, bryllaup og gravferd.